



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Reglement for kontrollutvalet, kontrollutvalet sitt sekretariat og revisjonsordninga i Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjeldande frå 01.11.2015



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Reglement for kontrollutvalet, kontrollutvalet sitt sekretariat og om revisjonsordninga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

"Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av Kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar §§ 77, 78 og 79 er bindande og gjeld i sin heilskap.

I tillegg gjeld følgjande reglement for kontrollutvalet, kontrollutvalet sitt sekretariat og om revisjonsordninga i Møre og Romsdal fylkeskommune (vedteke av fylkestinget i sak T-4/11 og T-51/15, jf. koml. § 39 nr 1):

I KONTROLLUTVALET

Formål

Kontrollutvalet skal på vegne av fylkestinget stå føre det løpande tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, og skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal medverke til at innbyggjarane, brukarane av tenestene og andre interessentar har tillit til Møre og Romsdal fylkeskommune, og at tenesteproduksjon, myndeutøving og interne forvaltningsfunksjonar blir utført målretta og etter lov, forskrift o.a. reglar samt fylkestingets føresetnader og vedtak, og interne retningslinjer.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet skal særleg sjå til at:

- fylkeskommunen bruker ressursane til å løyse oppgåver som samsvarer med fylkestingets vedtak og føresetnader
- fylkeskommunens ressursbruk og verkemidlar er effektive i høve til måla som er sett på områda
- lov og regelverk blir etterlevd i den fylkeskommunale forvaltninga
- fylkeskommunens styringsverktøy og verkemidlar er formålstenlege
- resultatata i tenesteproduksjonen er i samsvar med fylkestinget sine føresetnader
- fylkeskommunens årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte
- fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning
- fylkeskommunens interesser i selskap blir ivaretekne på ein formålstenleg måte

1 Organisasjon

1.1 Organisatorisk plassering

Kontrollutvalet er direkte underordna fylkestinget og rapporterer til fylkestinget om resultatet av arbeidet sitt, jf. kap. 3.

Berre fylkestinget kan pålegge kontrollutvalet andre oppgåver.

1.2 Val, samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med gruppevise varamedlemmer i rekkefølge. Leiaren skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, og minst to av utvalet sine medlemmer bør også veljast blant fylkestinget sine medlemmer. (Vedtatt i sak T-62/14)

Leiaren og minst to av medlemmene bør veljast frå dei partia/gruppene i fylkestinget som ikkje står bak valet av fylkesordføraren. (Vedtatt i sak T-62/14)

Kontrollutvalet skal veljast som første val etter val av fylkesutvalet og fylkesordfører/fylkesvaraordfører på det konstituerande møtet i fylkestinget.

Ved val av medlemmer og varamedlemmer bør omsynet til representativitet frå alle gruppene i fylkestinget særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemmer og varamedlemmer med god erfaring frå arbeidet som folkevald, og med eigenskapar/kunnskapar som er veileigna for arbeidet i kontrollutvalet. Om mogleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmene i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

2 Møte og saksbehandling i kontrollutvalet

2.1 Møte

Ordinære møte blir avvikla i samsvar med fastsett møteplan, og elles når leiaren finn det påkravd eller når minst 2 av medlemmene krev det. Ekstraordinære møte kan avviklast når tilhøva tilseier det, t.d. av omsyn til rask behandling av tilsyns- og kontroll saker, eller når saksmengda ikkje er mogleg å få gjennomgått på dei ordinære møta.

Møta blir i utgangspunktet haldne i fylkeshuset, men kan også leggjast til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstensleg som eit ledd i å ivareta kontroll- og tilsynsansvaret.

Kontrollutvalets møte skal haldast for opne dører. Kontrollutvalet tar avgjerd om lukking av møte etter kommunelova § 31.

Møte kan i særlege tilfelle avviklast som video-/telefon-/fjernmøte når det er påkravd å få avgjort ei sak før neste møte, og det anten ikkje er tid til å kalle saman til ekstraordinært møte, eller saka ikkje er så viktig at dette blir sett på som nødvendig. Ved telefonmøte/fjernmøte skal omsynet til ope møte ivaretakast.

2.2 Møte- og talerett i kontrollutvalet

Fylkesordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Oppdragsansvarlege revisorar har møte- og talerett i kontrollutvalet i saker som vedkjem revisjonens arbeidsområde. Oppdragsansvarlege revisorar kan møte med stedfortredar.

2.3 Møte- og forklaringsplikt i kontrollutvalet

Fylkesrådmannen eller den fylkesrådmannen peikar ut kan innkallast til møta for å svare på spørsmål om faktiske forhold i ei sak eller klargjere eit saksforhold. Fylkesrådmannen ev. ved stedfortredar har møte- og forklaringsplikt i kontrollutvalet i saker fylkesrådmannen blir innkalla til. Kontrollutvalet avgjer kva informasjon utvalet i slike tilfelle har behov for.

Fylkesordføraren kan innkallast til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål ev. klargjere eit saksforhold, særleg knytt til saksbehandlinga i folkevalte organ. Fylkesordføraren kan sende ein annan i sin stad, som i tilfelle svarer på vegne av fylkesordføraren.

Kontrollsjefen i samråd med leiaren tar avgjerd om slik innkalling etter 1. og 2. avsnitt ovanfor.

2.4 Anna oppmøte

Andre kan oppmodast om å møte i kontrollutvalet for å gi kontrollutvalet opplysningar i spesielle saker, eller for å gi kontrollutvalet ei orientering om eit saksforhold.

Den/dei tilsette ved kontrollutvalssekretariatet har rett til å la seg representere i kontrollutvalet med ein tillitsvald ved behandling av personalsaker.

2.5 Innkalling, sakliste

Innkalling til ordinære møte i kontrollutvalet blir utsendt med minst 7 dagars varsel og skal ha opplysning om møtestad og tid og kva saker som skal behandlast.

Innkalling til ekstraordinære møte og telefonmøte o.l. kan skje med kortare, men høveleg varsel.

Utvalssekretariatet i adm. seksjon i samråd med kontrollsjefen sørger for innkalling og utsending av møteinnkalling, og at varamedlemer blir innkalla ved meldte forfall.

Sakslista med tilhøyrande saksdokument blir i tillegg til dei som er nemnt i § 19 i forskrift om kontrollutval, sendt fylkesrådmannen samt avdelings- og etatsleiarane. Fylkesrådmannen og øvrige leiarar får likevel ikkje tilsendt sakene som det er gjort unntak for etter offentleglova.

Andre får tilsendt møteinnkallinga i samsvar med gjeldande praksis for fylkesutvalet. Møteinnkallinga skal publisertast på fylkeskommunens heimeside på ein høveleg måte.

2.6 Saksførebuing

Kontrollsjefen sørger for saksutgreiing og gjev tilråding til vedtak. Kontrollutvalet ev. kontrollsjefen kan i einskildhøve be andre om utgreiingar.

2.7 Møtebok

Utvalssekretariatet i adm. seksjon sørger for føring av møtebok og at dette skjer i samsvar med reglement for føring av møtebøker fastsett av fylkestinget.

Møteboka skal endeleg godkjennast av kontrollutvalet i same møtet.

Møteboka skal sendast utvalets medlemer/varamedlemer, fylkesordførar, fylkestingets medlemer, oppdragsansvarlege revisorar, fylkesrådmannen samt avdelings- og etatsleiarane i fylkeskommunen, og blir lagt ut på fylkeskommunens heimeside. Andre får møteboka i samsvar med praksis for fylkesutvalet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir elles sendt dei avdelingar/etatar i fylkeskommunen saka gjeld.

2.8 Høyringar

Kontrollutvalet kan avvikle høyringar innafør sitt ansvarsområde. Med høyring er meint eit møte i utvalet der utvalet mottar munnlege forklaringar frå personar som er innkalla, for å få belyst ei spesiell sak eller saksområde. Høyringa blir avvikla etter eigne reglar, som er vedlegg til dette reglementet.

2.9 Oppmøte utanom møte

Utanom ordinære fastlagte møte kan kontrollutvalet eller einskildmedlemer av kontrollutvalet innkallast til deltaking i andre møte, meldast på studiereiser/synfaringar/konferansar og samlingar m.v. som er ein ledd i tilsynsansvaret, og få dekning for tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v. etter fylkeskommunens reglar for slik deltaking.

Kontrollutvalet, leiaren eller medlem utpeikt av kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalte organ i fylkeskommunen. Kontrollsjefen har fullmakt til å vere til stades i lukka møte i folkevalte organ i fylkeskommunen i same utstrekning som kontrollutvalet sjølv.

Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget av deltaking i studiereiser/synfaringar/konferansar og samlingar innanlands og utanlands. Deltaking utover dette skal godkjennast av kontrollutvalet i kvart einskild tilfelle.

Medlemer i kontrollutvalet som ikkje er medlem av fylkestinget, skal ha høve til å ta del i gruppemøte og ved møte i fylkestinget ved behandling av saker fremja av kontrollutvalet til fylkestinget, og får godtgjersle etter reglane i godtgjerslereglementet kap V pkt. 3 .

2.10 Generelt

Kontrollutvalet kan fastsetje nærare reglar for si saksbehandling som presisering av desse retningslinjene.

Om inhabilitet for medlemer av kontrollutvalet gjeld forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr 3 og 4.

3 Kontrollutvalets oppgåver

3.1 Fullmakt

Kontrollutvalet tar avgjerd i saker som gjeld kontrollutvalets ansvarsområde og oppgåver etter kommunelova kap. 12, forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval, så langt desse reglane ikkje legg avgjerdsmynde til fylkestinget sjølv. I sistnemnde tilfelle gir kontrollutvalet tilråding til fylkestinget.

Kontrollutvalet kan gi kontrollsjefen mynde til å ta avgjerd i andre saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

3.2 Særlege oppgåver

3.2.1 Økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde til ei kvar tid.

Kontrollsjefen lager forslag til kontrollutvalet om økonomiplan/årsbudsjett for kontroll- og tilsynsfunksjonen, herunder for kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet gir tilråding om økonomiplan/ årsbudsjett for kontroll- og tilsynsfunksjonen, herunder for kjøp av revisjonstenester. Kontrollutvalets tilråding blir å innarbeide i fylkesutvalets samla framlegg til økonomiplan/årsbudsjett og skal følgje budsjettsaka til fylkestinget.

Endringar i budsjettet mellom tenesteområda innan rammeområdet Sentrale kontrollorgan kan berre gjerast av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjev tilråding om rekneskap og resultatevaluering for rammeområdet Sentrale kontrollorgan. Det skal ved evalueringa takast omsyn til ekstra kostnader som kontrollutvalet har hatt t.d. som følgje av ekstraordinære (ikkje planlagde) møte og aktivitetar. Tilrådinga skal følgje fylkesutvalets samla framlegg til årsrekneskap og resultatevaluering for fylkeskommunen.

3.2.2 Verksemdplan

Innan utgangen av første året av valperioden skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for verksemda i utvalet i perioden. Kontrollutvalet fastset sjølv innhald og omfang etter tilhøva, men planen skal angi dei overordna føringane for revisjons-, tilsyns- og kontrollarbeidet i valperioden, og følgjast opp med årlege handlingsplanar.

I verksemdplanen kan inngå plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll.

Verksemdplanen skal vedtakast av fylkestinget, medan handlingsplanar samt rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll blir fastsett av kontrollutvalet sjølv.

3.2.3 Årsmelding

Kontrollutvalet skal leggje fram årsmelding om verksemda i utvalet og kontrollutvalssekretariatet og fremje denne til fylkestinget til behandling som eiga sak.

3.2.4 Organisasjonsplan, personalsaker

Kontrollutvalet fastset organisasjonsplan for kontrollutvalet sitt sekretariat.

Fastsetting av løn for kontrollsjefen skal gjerast av lønsforhandlingsutvalet i fylkesutvalet. Rutinane for lønsforhandlingar for det øvrige personalet skal følgje fylkeskommunen sitt opplegg for dette.

Kontrollutvalet har mynde til å ta avgjerd i øvrige personalsaker vedkomande kontrollutval- sekretariatets personale og i same omfang som elles er delegert til fylkesrådmannen for fylkeskommunale stillingar.

Kontrollutvalet kan delegere mynde i personalsaker til kontrollsjefen vedkomande personalet ved sekretariatet for kontrollutvalet.

3.3 Bruk av sakkunnig hjelp

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkunnig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når utvalet finn dette nødvendig.

3.4 Teieplikt

Medlemer og varamedlemer i kontrollutvalet skal underteikne erklæring om teieplikt.

3.5 Andre oppgåver

I tillegg til lovpålagde revisjons-, kontroll- og tilsynsoppgåver kan kontrollutvalet iverksette undersøkingar og granskingar av fylkeskommunal verksemd på eige initiativ, eller etter vedtak i fylkestinget. Kontrollutvalet fastset mandat og omfang, og gjer val om eventuell utførar.

Kontrollutvalet skal ikkje vere formelt varslingspunkt for varsel frå tilsette etter arbeidsmiljølova § 2-4 om kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Kontrollutvalet skal likevel orienterast om slike varsel. Kontrollutvalet kan av eiga vurdering undersøke varselet og ev. avgjere å behandle varselet som tilsyns- og kontrollsak. Kontrollutvalets saksbehandling erstattar ikkje fylkeskommunens oppfølging av slike varsel etter arbeidsmiljølova.

Kontrollutvalet kan motta tips frå tilsette og andre av eitkvart slag, men avgjer sjølv korleis slike tips skal følgjast opp, eller avvistast. Tips som gjeld klage på enkeltvedtak og om politiske vedtak er formålstenlege skal ikkje realitetsbehandlast, men kontrollutvalet kan likevel velje om ein vil undersøke sakstilhøvet.

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om resultatet av statlege tilsyn, fråsegner frå Sivilombodsmannen, om vedtak i statlege klageorgan i klager, om avgjerder i KOFA og ESA, samt om domstolsavgjerder, som gjeld fylkeskommunen eller der fylkeskommunen er innklaga. Kontrollutvalet kan etter eige skjøn avgjere om påpeikte tilhøve skal følgjast opp, ev. be om å bli orientert om korleis påpeikte tilhøve blir retta opp. Kontrollutvalet avgjer om fylkestinget skal orienterast om oppfølginga og i tilfelle på kva måte det skal skje.

3.6 Samarbeid med andre

Kontrollutvalet har fullmakt til å samarbeide med politi og påtalemakta i saker som vedkjem kontrollutvalets arbeidsoppgåver knytt til etterforskning av tilhøve i fylkeskommunen som kan bli råka av straffelova.

Kontrollutvalet kan samarbeide med statlege tilsynsorgan, m.a. Fylkesmannen, for å samordne tilsynsaktivitetar retta mot fylkeskommunal verksemd.

Kontrollutvalet har fullmakt til å samarbeide med andre kommunars og fylkeskommunars kontrollutval, og inngå avtalar om slikt samarbeid, for å samordne kontrollaktivitetar m.m., og innhente opplysningar m.v. knytt til oppgåvene til kontrollutvalet, samt samarbeid om opplæring og utviklingstiltak.

Kontrollutvalet kan inngå avtale med Riksrevisjonen om utføring av særlege revisjonsoppdrag knytt til Riksrevisjonens revisjon av fylkesveg-rekneskapen.

3.7 Informasjon og rapportering

Som ledd i det førebyggjande arbeidet skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon om arbeide sitt, både innetter i fylkeskommunen og utetter til allmenta.

Kontrollutvalet skal legge vekt på å vere løysingsorientert og medverke til dialog og læring i organisasjonen. Kontrollutvalet skal ha ein aktiv dialog med fylkestinget, og skal fremje aktuelle saker og rapportar til behandling og ta initiativ til å få sett fokus på aktuelle tema.

3.8 Avgrensing

Kontrollutvalet kan ikkje vurdere om politiske vedtak er formålstenlege. Kontrollutvalet kan likevel gi merknad til vedtak som openbert er ulovlege.

II KONTROLLUTVALET SITT SEKRETARIAT

4 Sekretariatsordning

4.1 Om sekretariatet. Dagleg leiing.

Kontrollutvalet skal ha eit sekretariat som er tilpassa utvalet sitt behov, og ha kompetanse til å bistå kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet. Fylkestinget fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Dagleg leiar av sekretariatet skal ha nemninga kontrollsjef.

4.2 Tilhøvet til kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt sekretariat er underlagt kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg for drifta av sekretariatet som utvalet gir.

Kontrollutvalet gjer vedtak og ev. tilråding i andre saker som vedkjem sekretariatet.

4.3 Tilsetting

Fylkestinget foretar tilsetting i stillinga som kontrollsjef etter tilråding frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet foretar tilsetting i øvrige stillingar ved sekretariatet, ev. godkjenner ordningar som kan bistå sekretariatet i det løpande arbeidet.

Kontrollutvalet godkjenner avtale om engasjement av mellombels sekretær/kjøp av sekretærenester når tilhøva gjer dette naudsynt, eller for å sikre framdrifta i utvalsarbeidet ved tilfeldige fråvær for kontrollsjefen.

5 Kontrollsjefens oppgaver

5.1 Leiing, saksbehandling og oppfølging av saker til kontrollutvalet

Kontrollsjefen har ansvar for leiinga av sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet og at sekretariatet sine oppgaver blir utført i samsvar med dette reglementet og pålegg frå kontrollutvalet.

Kontrollsjefen skal sørge for saksutgreiing og gir forslag til vedtak. Kontrollsjefen kan be om at andre førebur saksframlegg til kontrollutvalet.

Kontrollsjefen skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalets ansvar og oppgåver etter lov og forskrift samt dette reglementet blir ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til kontrollsjefen i den grad lov/forskrift ikkje er til hinder for dette.

Kontrollsjefen skal sjå til at vedtak i kontrollutvalet ev. etter behandling i fylkestinget blir sett i verk.

Kontrollsjefen tar avgjerd i spørsmål av prosedyremessig karakter der ikkje anna er fastsett i lov, forskrift eller fylkeskommunale reglement.

Kontrollsjefen har fullmakt til å ta avgjerd ev. i samråd med leiaren i enkeltsaker som er kurante, og elles når det hastar med å ta avgjerd, med melding til kontrollutvalet i neste møte.

Kontrollsjefen kan bestille ekstraordinære kontrollhandlingar når det hastar å få sett i gang kontrollen, i samråd med leiaren i kontrollutvalet.

Kontrollsjefen skal vere kontrollutvalets toverretta operative apparat og kontaktledd, herunder overfor administrasjonen og revisjonen.

5.2 Tilvisingsmynde

Kontrollsjefen har tilvisingsrett for utgifter og inntekter utanom lønsbilag som vedkjem kontrollutvalet og sekretariatet si drift, samt for kjøp av revisjonstenester. Lønsbilag blir tilviste av administrasjonssjefen.

5.3 Avgrensing mot revisjonsoppgåver

Kontrollsjefen kan ikkje utføre revisjonsoppgåver etter forskrift om revisjon, men skal følgje opp at desse blir utført med rimeleg framdrift og innan fastsette fristar av revisjonen, ev. av innleigde revisorar.

5.4 Tilhøvet til revisor

Kontrollsjefen er oppdragsansvarlege revisorars kontaktperson overfor kontrollutvalet i alle saker og skal formidle pålegg og oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal løysast av revisjonen. Kontrollsjefen er elles kontaktperson for leiinga og styret i revisjonsselskapet overfor kontrollutvalet i spørsmål m.m. som vedkjem oppdraget.

Kontrollsjefen skal på vegne av kontrollutvalet stå føre det løpande tilsynet med revisjonsordninga og revisjonsarbeidet etter forskrift om kontrollutval og dette reglementet (jf. kap. 6), og rapportere til kontrollutvalet om dette.

III OM REVISJONSORDNINGA

6 Revisjonsordning

6.1 Val av revisjonsordning og revisor

Fylkestinget har valt Møre og Romsdal Revisjon IKS som fylkeskommunens revisor etter tilråding frå kontrollutvalet, som ivaretar fylkeskommunens behov for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, og ev. selskapskontroll etter særskilt bestilling frå kontrollutvalet.

6.2 Tilsyn med revisjonsordninga

Kontrollutvalet skal sjå til at revisjonsordninga er forsvarleg, dvs. at fylkeskommunen har ei trygg og velfungerande revisjonsordning som løyser pålagte og tildelte oppgåver på ein tilfredsstillande måte og med god kvalitet.

Kontrollutvalet skal særleg sjå til at:

- oppdragsansvarlege revisorar oppfyller formelle krav,
- oppdragsansvarlege revisorar er uavhengige og objektive,
- revisjonsarbeidet blir utført planmessig og i samsvar med regelverket og god kommunal revisjonsskikk samt inngått oppdragsavtale,
- revisjonen har interne kvalitetskontrollsystem for arbeidet og er underlagt ordning for ekstern kvalitetskontroll,
- revisjonen har rutiner som sikrar forsvarleg handtering av mislege tilhøve og feil som blir oppdaga i revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet kan be om å få opplysningar, dokumentasjon eller erklæringar frå oppdragsansvarlege revisorar om desse tilhøva.

Kontrollutvalet kan ta initiativ til å få retta på tilhøve ein ikkje er nøgd med overfor leiinga i Møre og Romsdal Revisjon IKS, med styret i selskapet eller fylkeskommunens eigarrepresentant.

6.3 Oppdragsavtale

Kontrollutvalet forhandlar om og godkjenner den årlege oppdragsavtalen med Møre og Romsdal Revisjon IKS om levering av revisjonstenester til fylkeskommunen, dvs. rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, og ev. etter bestilling selskapskontroll. Kontrollutvalet kan bestille ytterlegare tenester frå revisjonsselskapet som ligg innafor kontrollutvalets mandat, ev. sjølv sette slike oppgåver ut i marknaden når tilhøva elles tilseier det.

Oppdragsavtalen skal m.a. regulere tilhøve som:

- oppfyljing av formelle krav til oppdragsansvarlege revisorar
- kontrollutvalets innsynsrett i revisors arbeidspapir
- rapportering til og kommunikasjon med kontrollutvalet, herunder møterett og –plikt for oppdragsansvarlege revisorar
- presentasjon av planar og strategiar for revisjonsarbeidet
- fastsetting av fristar for avslutning/levering av avtalte revisjonsoppdrag
- klargjere fylkeskommunens ansvar og plikter i høve til revisjonsarbeidet
- levering av eventuelle tilleggstenester
- presisering av forventningar og krav til tenesteleveransen
- budsjett/betaling for revisjonsoppdraga, og oppgjersmåte for utført arbeid
- tilhøvet til media og kven som uttalar seg

Kontrollutvalet kan tilpasse revisjonsoppdraga til lovmessige krav og fylkestingets revisjons-, kontroll- og tilsynsbehov, behov for oppfølging av vedtak, kompetansenivået i fylkeskommunen samt fylkeskommunens eiga organisering, økonomiforvaltning/rekneskapsordning og internkontroll.

Fylkesrådmannen skal giast høve til å uttale seg til oppdragsavtalen før godkjenning. Fylkesordføraren signerer oppdragsavtalen på vegne av fylkeskommunen.

6.4 Evaluering av revisjonsordninga

Kontrollutvalet skal evaluere om revisjonsordninga er forsvarleg, jf. pkt. 6.1. Kontrollutvalet tar avgjerd om opplegget for dette.

Kontrollutvalet skal ha seg førelagt til orientering årsmeldinga frå Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Kontrollutvalet skal orienterast om resultatet av eksterne kvalitetskontrollar som revisjonsordninga deltar i, o.a. undersøkingar som skjer i regi av revisororganisasjonar retta mot medlemene.

Kontrollutvalet skal ha melding ved engasjement av eksterne leverandører til å utføre delar av revisjonsoppdraget.

Fylkeskommunens eigarrepresentant skal normalt konferere med kontrollutvalet før møte i representantskapen i Møre og Romsdal Revisjon IKS, og særleg før behandling av styringsdokument og før fastsetting av ev. eigarstrategi.

7. ENDRING, IKRAFTSETTING

Kontrollutvalet kan gjere mindre endringar i reglementet, ev. også som følge av endringar i forskriftene om revisjon og kontrollutval.

Reglementet blir gjort gjeldande frå 01.11.15, kap. III frå det tidspunkt fylkesrevisjonen er avvikla og Møre og Romsdal Revisjon IKS er formelt etablert.

Vedlegg: Reglar for avvikling av høyringar i kontrollutvalet.

Vedlegg, presisering av reglementet for kontrollutvalet pkt. 2.7 om høyringar:

Reglar for avvikling av høyringar i kontrollutvalet

1. Formål

Formålet med desse reglane er å sikre kontrollutvalet sitt informasjonsbehov, ei god framdrift i høyringa og trygge den enkelte deltakers rettstryggleik.

2. Opne høyringar, og når høyringar kan lukkast

Avgjerd om høyring blir teke med alminneleg fleirtal i kontrollutvalet, likevel slik at minst tre medlemmer må røyste for høyringa.

Høyringa skal vere open, men kontrollutvalet kan med alminneleg fleirtal avgjere at heile eller delar av høyringa skal/kan vere lukka i medhald av kommunelova § 31. Det kan t.d. skje som følgje av at den som skal høyrast berre ønskjer å uttale seg i lukka møte og det er heimel for å lukke høyringa.

Kontrollutvalet kan berre få teiepliktige opplysningar i lukka høyring. Under ei open høyring kan ikkje kontrollutvalets medlemmer gjengi eller vise til opplysningar som er teiepliktige.

3. Førebuing av høyringa

Før høyringa skal kontrollutvalet ha eit saksførebuaende møte og fastsette opplegget for høyringa. På dette møtet skal utvalet gjennomgå kva for problemstillingar som utvalet ønskjer belyst og kva ein forventar å oppnå. Det skal vidare fastsettast ei framdriftsplan for høyringa, som m.a. kan fastsette taletid for den enkelte som er innkalla eller invitert, rekkefølge og hovudspørsmål/tema.

Kontrollutvalet tek avgjerd om kven som skal inviterast til høyringa utanfrå og kven som skal ha talerett.

Dersom det er ønske om å innkalle nokon frå fylkeskommunens administrasjon i høyringa skal innkallinga rettast til fylkesrådmannen som tek avgjerd om kven som skal møte. Er responsen negativ kan kontrollutvalet bringe saka inn for fylkesutvalet.

4. Den inviterte og den innkalla si stilling

Invitasjon/innkalling til høyringa skal sendast i så god tid som mogleg. Det skal opplysast om kva sak eller saksområde som er tema for høyringa, at den er open og at det ev. blir tatt referat. Overfor tilsette i fylkeskommunen som er innkalla, skal det visast til kompl. § 77 nr 7, jf. forskrift om kontrollutval § 5 om kontrollutvalets rett til innhenting av opplysningar.

Fylkesrådmannen har møte- og forklaringsplikt når fylkesrådmannen blir innkalla til høyringa (kommunelova § 77 nr 7, jf. § 23 nr 2). Det same gjeld tilsette som fylkesrådmannen peikar ut for å møte og forklare seg på sine vegne.

For andre enn fylkesrådmannen eller som møter på vegne av fylkesrådmannen skal det informerast om høvet til å reservere seg mot å møte og å forklare seg, om å krevje å bli høyrtd i lukka møte av omsyn til personvernet, og av omsyn til ikkje sette seg sjølv i ein situasjon som kan få negative tenestlege konsekvensar. Kopi av dette reglementet skal følgje innkallinga.

Den inviterte eller den innkalla skal ha tilgang til kontrollutvalets saksdokument dersom desse ikkje er underlagt teieplikt.

Den inviterte eller innkalla har høve til å ha med seg ein person til å hjelpe seg, og rett til å konferere med vedkomande før det blir svara.

5. Gjennomføring av høringa

Dersom andre enn leiaren skal vere hovudutspørjar, peikar kontrollutvalet ut den eller dei som skal ha denne funksjonen, anten eit anna medlem eller ein person som kontrollutvalet kan engasjere. Avgjerd om dette blir teke med alminneleg fleirtal i det saksførebuarande møtet.

Møteleiaren innleiar høringa ved å orientere om temaet for høringa og dei prosedyrar som gjeld.

Før kontrollutvalet startar utspørjinga av ein innkalla/invitert skal vedkomande få høve til å gi ei framstilling av saka.

Etter at hovudutspørjar er ferdig med sine spørsmål kan øvrige kontrollutvalsmedlemer stille oppfølgingsspørsmål.

Meiningsutveksling mellom kontrollutvalets medlemer skal ikkje finne stad under høringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere svara, utan at det følgjer som ein naturleg del i eit oppfølgingsspørsmål. Møteleiaren skal påtale upassande eller fornærmeleg åtferd.

Eit medlem kan krevje at høringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal kunne drøfte vidare framdrift, herunder om at høringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører.

Det skal ikkje røystast eller treffast konklusjonar under høringa. Kontrollutvalet avgjer i møte korleis opplysningane som framkom under høringa skal følgjast opp.

Det skal førast protokoll som for møte frå høringa, som omhandlar kven som var til stades frå kontrollutvalet og innkalla/inviterte og kven som uttalte seg/svarte på spørsmål. Kontrollutvalet avgjer ut over dette om det skal førast referat frå høringa eller om det skal gjerast lydopptak.

Kontrollutvalet avgjer på kva måte høringa skal følgjast opp. Dersom kontrollutvalet får utarbeidd ein rapport om resultatet av høringa, skal fylkesrådmannen få høve til å gi fråsegn til rapporten, som skal vedleggast rapporten. Kontrollutvalet kan vedta å fremje rapporten til fylkestinget.

6. Kunngjering

Opne høyringar skal kunngjerast som for møte.

Retningslinjer for kontrollutvalet for gjennomføring av selskapskontroll i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vedteke av fylkestinget i sak T-26/06. Revidert ved vedtak i sak T-17/08 og T-29/13.

1. Verkeområde, omfang

Selskapskontroll i medhald av kommunelovas § 77 nr 5 og § 80 skal utøvast i selskap m.m. der Møre og Romsdal fylkeskommune har engasjement, er eineigar eller medeigar.

Kontrollutvalet tar årleg stilling til omfanget av selskapskontrollen innanfor den budsjetterte rammeløyvinga som vert løyvd til revisjonstenester m.m.

2. Selskapskontrollens innhald

Kontrollutvalet ser til at det vert utført selskapskontroll i form av:

- a. Eigarskapskontroll (obligatorisk) (kompl. § 77 nr 5) som omfattar kontroll med forvaltninga av fylkeskommunens engasjement i selskap m.m., m.a. å kontrollere at fylkeskommunens eigarinteresser vert følgde opp innanfor ramma av den aktuelle lova, til dømes aksjelova, og i samsvar med fylkeskommunens vedtak og føresetnader for engasjementet.

Kontrollutvalet ser til at det er etablert tilfredsstillande rutiner og dokumentasjon for fylkeskommunens oppfølging av interessene i selskap m.m. i samsvar med dette, og at desse verkar som føreset.

- b. Undersøking og innsyn i selskap (frivillig) (kompl. § 80) som omfattar undersøkingar i interkommunale selskap eller aksjeselskap der fylkeskommunen aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar eig 100% av selskapet. Undersøking blir utført i den utstrekning det er nødvendig.

I liknande selskap har kontrollutvalet rett til å krevje dei opplysningane som er nødvendig for kontrollen, frå dagleg leiar, styret og den valde revisoren for selskapet.

- c. Forvaltningsrevisjon etter a og b (forskrift om kontrollutval § 14, 2 ledd), dvs. å utføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestingets vedtak og føresetnader.

Selskapskontroll som forvaltningsrevisjon skal vedtakast av fylkestinget i det enkelte tilfelle, etter framlegg frå kontrollutvalet, og gjennomførast i samsvar med forskrift om revisjon kap. 3 om forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet tar stilling til den konkrete bestillinga av forvaltningsrevisjonen.

- d. Kontrollutvalet kan søkje styret i aksjeselskap som har meir enn 50% eigardel av offentlege eigarar om fullmakt til å få gjennomføre selskapskontroll etter pkt b, og selskapskontroll som forvaltningsrevisjon etter pkt. c.

3. Plan for gjennomføring av selskapskontroll

Innan utgangen av det første året etter konstituering av fylkestinget skal kontrollutvalet leggje fram for fylkestinget ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden basert på ei overordna analyse ut frå risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal identifisere behovet for selskapskontroll på ulike

sektorar og med ulike selskap. Kontrollutvalet tar avgjerd om utforming og innhald i planen, og i den overordna analysen.

Planen kan ajourførast i perioden dersom kontrollutvalet finn det nødvendig.

Kontrollutvalet kan elles initiere selskapskontroll ved enkelthendingar o.a. akutte forhold, med melding til fylkestinget.

4. Selskapskontrollens gjennomføring

Kontrollutvalet avgjer kven som skal utføre selskapskontroll etter pkt. 2, a – c.

Selskapskontroll etter pkt. 2, b – d i selskap med andre kommunar/fylkeskommunar som medeigarar, kan utførast i samarbeid med resp. kommunars/fylkeskommunars kontrollutval. Det blir inngått avtale om gjennomføringa, som kontrollutvalet godkjenner.

5. Rett til innsyn m.m.

Kontrollutvalet har rett til å få dokument og opplysningar som er nødvendig for å kunne utføre kontroll med fylkeskommunens tilsyn av eigarinteressene i selskap.

I selskap som fylkeskommunen eig aleine eller fullt ut saman med andre kommunar/fylkeskommunar kan kontrollutvalet eller den som utfører selskapskontrollen, be om å få tilsendt dokument og opplysningar som er nødvendig for å gjennomføre selskapskontrollen, m.a. frå selskapets daglege leiar og den valde revisoren i selskapet, jf. koml. § 80.

I andre selskap med meir enn 50% offentleg eigardel i selskapet, kan kontrollutvalet tilsvarande be styret om fullmakt til å få tilgang til dokument og opplysningar frå leiinga og revisoren for å kunne utføre selskapskontrollen.

6. Rapportering

Utført selskapskontroll vert rapportert til kontrollutvalet etter at kontroll er utført, eller gjennom ein årleg rapport. Kontrollutvalet fastsett rapporteringsmåten.

Rapporten skal innehalde omtale av utøvar eller selskap som er kontrollert, kva kontrollhandlingar som er utført, eventuelle avvik som er oppdaga og kva som er gjort for å rette opp avvika, samt den til eikvar tid rådande status for tilsynet med eigarinteressene i selskap.

Vedkomande selskap, styret i selskapet eller den som utøver eigarfunksjonen i fylkeskommunen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, og kommentaren skal gå fram av eller vedleggast rapporten.

Utført forvaltningsrevisjon i selskap vert rapportert som forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet rapporterer årleg og i eiga sak til fylkestinget om gjennomførte selskapskontrollar og om resultatet av desse.

7. Endringar

Kontrollutvalet kan foreta mindre endringar i retningslinjene, ev. ved endringar i regelverk o.a.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no
